

Bringedalsbygda til Uskedalen eller Husnes?

05.03.2009



Politikarar og mediafolk under møtet i skulestrukturutvalet på Husnes torsdag. Frå venstre sit rådmann Trond Sætereng (sekretær), Leif Sverre Enes (H), Morten Nygård (Grenda), Marianne Lund Anderssen (V), Erling Boland (Ap, leiar). Otto Benjaminsson (Krf), Håkon Røstbø (IP) og Arne Lindeflaten (Kvinnheringen). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mykje tyder på at det blir politisk fleirtal i Kvinnherad for endring av skulestrukturen og i den nye kabalen kan eitt av spørsmåla bli om skulen i Bringedalsbygda skal overførast til Uskedalen eller Husnes.



Delegasjonen frå Bringedalsbygda som overvar møtet og som er imot overflytting både til Uskedalen og Husnes: Frå venstre sit Ragnhild K. Løland, Alicia K. Kvandal, Hege Sund, May Britt Tveit, Ellen Aakre og Marianna Tveit. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Dette vart klårt då dei fem partia som er representert i skulestrukturutvalet letta på sløret for sine standpunkt under utvalsmøtet på Husnes torsdag kveld.

Ein delegasjon på seks frå Bringedalsbygda som stilte opp på møtet seier til uskedalen.no at dei ikkje ynskjer overflytting korkje til Uskedalen eller Husnes (Undarheim), men at skulen må få leva vidare.



Bringedalsbygda skule – vil elevane bli ført over til Uskedalen eller Underheim? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Når det gjeld den andre nabokrinsen til Uskedalen - Omvikdalen - er det truleg politisk fleirtal for overføring til Rosendal. Arbeidarpartiet går inn for det og det same gjer Kristeleg Folkeparti og Venstre.

- Tidlegare har Uskedalen vore lansert som eit alternativ, men det er ikkje så aktuelt lenger, sa Otto Benjaminsson (Krf)



Får Uskedalen skule også Herøysund-elevane? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit hovudinntrykk er at Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre i stor grad har samanfallande synspunkt og er innstilt på å leggja ned skular medan Høgre og Innbyggjarpartiet går sterkt inn for å halda på dagens struktur. Det er grunn til å tru at Framstegspartiet er av same mening som Høgre og IP medan Senterpartiet hører heime "på andre sida" ..

Erling Boland (Ap og utvalsleiar) sa dette om problematikken rundt Bringedalsbygda:

- Her er det to mogelege løysingar som eg gjerne vil drøfta med skulen. Ved overføring til Uskedalen vil denne skulen bli fulldekt og få ein så stor elevflokk at det blir ein god skule å驱va. Men folk i Herøysund kjenner seg nok nærmere knytt til Husnes. Eg kan vera open for ein eventuell deling av kretsen...

Otto Benjaminsson sa at det ville vera mogeleg å ta i mot Bringedalsbygda ved Underheim, men også han var open for innspel om Uskedalen som alternativ.

Marianne Lund Anderssen (V) var også for overføring til Uskedalen eller Underheim, men ville gjerne veta kva fleritalet i kretsen meiner. Ho minte om at ungdomskule-elevane går på Husnes.

Høgres representant Leif Sverre Enes hadde berre eitt ord som kommentar til den "pakka" som representantane frå Ap, Krf og V hadde lagt fram i møtet. Det var "tragisk" og Håkon Røstbø (Innbyggjarpartiet) var stort sett einig

i synet hans.

Røstbø hevda at ein ved å leggja ned skular vil forsterke nedgangen i elevtalet og at effekten blir omrent som når ein pisser i buksa for å halda seg varm.

Enes streka under at ein ikkje kan lausriva skulen frå resten av samfunnet og at nedleggjing endrar bygdestrukturen på lang sikt.

Boland meinte at det er for snevert å hevda at det blir ein ny bygdestruktur og minte om ein etter hans syn vellukka politikk i Kvam og Jondal.

Når skulestrukturutvalget kjem saman til sitt siste møte 19. mars vil dei med rådmannens hjelp ha laga ei berekning av kva dei ymse alternativa vil kosta. Innstillinga frå utvalet går så til formannskapet som tek standpunkt til om saka skal fram til realitetshandsaming, eventuelt etter ei høyringsrunde rundt om i kretsane.

Av Ola Matti Mathisen